

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 3

Fagskulen har, som følge av sin egenart i fylkeskommunal sammenheng, behov for tilpasninger og fleksibilitet knyttet til stillingskategorier, administrasjonssystemer og liknende.»

**Nils Haugland (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren si innstilling

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.
3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.»

### **Avrøysting**

*Det var 61 representantar til stades*

Haugland sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, UA) og fall.  
Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (1FNB (Nils Haugland)).  
Gadolin sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (1FNB (Nils Haugland)).

### **Vedtak**

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka og med endringane foreslått av prosjektstyret for Fagskulen Vestland:

§1-2 fjerde ledd bokstav b endra slik:

Ein representant frå fylkesadministrasjonen representert ved avdelingsdirektør for innovasjon og næring med ein varamedlem.

§ 1-2 fjerde ledd bokstav c vert endra slik:

To representantar frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.

§ 2-2 niande ledd vert føreslått endra slik:

Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

§ 2-1 andre ledd tredje leddsetning vert endra slik:

Styret har det fulle faglege oppfølgingsansvaret for rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsynt administrative støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretek det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein sjølvstendig del av opplærings- og Kompetansesektoren. Fagskulen har, som følgje av ein eigenart i fylkeskommunal samanheng, behov for tilpassingar og fleksibilitet knytt til stillingskategoriar, administrasjonssystem og liknande.
4. Vedtektene vert sendt til NOKUT for uttale til saka vert handsama i fylkesutvalet og fylkestinget.

## 5. Styresamansetjing

Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i dei ulike bransjane i fylket. Fylkestinget vil difor foreslå at det er avdelingsdirektør for næring som trer inn i styret.

Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresamansetjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer breidda i næringslivet og ikkje enkeltbedrifter. Fylkestinget vil difor foreslå at ein vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet.»